

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.04.2024

Vår ref.: 202406296-1 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av Statnetts forslag til samordna nettilknytning for Utsira Nord

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke eit forslag frå Statnett om vidare utgreiing av nettanlegg for tilknytning av havvind frå Utsira Nord. Tiltaka ligg i Karmøy og Utsira kommunar i Rogaland.

Forslaget er beskrive i Statnetts brev «*Statnetts forslag til vidare utredning av nettilknytning av Utsira Nord og kommentarer til høringsuttalelser*», som er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/19304/A.

Bakgrunn

NVE fekk 29. februar 2024 brev frå Statnett om deira planar for utbygging av ei samordna løysing for nettilknytning av vindkraftverka i havvindområdet Utsira Nord. Havvindområdet ligg utanfor kysten av Rogaland, og vart opna for havvind i 2020. Anlegga som Statnett planlegg ligg i Karmøy og Utsira kommunar.

Statnett skriv at to av alternativa i stor grad er samanfallande med alternativ 2 og 3 som Vår Energi meldte for landstraum til petroleumsfelta Balder og Grane, og som NVE sende på høyring i perioden 23. august – 20. oktober 2023 (NVE-ref. 202210897-7). Vår Energi skreiv i meldinga (tilgjengeleg på www.nve.no/8846/A) at Statnett kunne overta utgreiinga av desse alternativa i samband med den felles tilknytninga for Utsira Nord, mens Vår Energi i det fall ville gå vidare med utgreiing og konsesjonssøknad for alternativ 1. Statnett bekrefta i høringsfråsegnet dei sende 19. oktober 2023, at dei ville overta vidare utgreiing av alternativ 2 og 3.

I brevet frå 29. februar har Statnett gjort nærare greie for løysingane dei vil utgreie. Brevet gjer òg greie for korleis planane skil seg frå dei som vart meldt av Vår Energi.

Statnetts planar

Statnett beskriv to hovudalternativ, sjå figur 1. Alternativa er nummerert som i meldinga frå Vår Energi:



- Alternativ 2: Ny transformatorstasjon og landtak på Kallstø eller Ytraland på vestsida av Karmøy. Herifrå er det planlagd jordkabel eller luftledning over Karmøy til Karmøy transformatorstasjon¹.
- Alternativ 3: Ny transformatorstasjon og landtak nordaust på Utsira, og herifrå sjøkabel til vestsida av Karmøy og jordkabel eller luftledning over Karmøy til Karmøy transformatorstasjon.

NVE viser til Statnett si detaljerte beskriving og kart over alternativa i brevet «Statnetts forslag til videre utredning av nettilknytning av Utsira Nord og kommentarer til høringsuttalelser». Brevet gjer òg greie for korleis planane skil seg frå dei som vart meldt av Vår Energi.

Ein viktig skilnad mellom Vår Energi og Statnett sine planar, er at Statnett, i tråd med Stortingets kabelpolicy (Meld. St. 14 2011–2012), vil utgreie alternativ med luftledning over Karmøy. Kabelpolicyen seier at 420 kV ledningar som hovudregel skal byggast som luftledning. Kabel kan vurderast dersom luftledning er teknisk vanskeleg eller ikkje mogleg, gjev særleg miljøgevinst samanlikna med luftledning og/eller ei avgrensa strekning med kabel kan gje ei vesentleg betre totalløysing.



Figur 1. Oversikt over alternativa Statnett vil utgreie fram mot ein søknad om konsesjon for samordna nettilknytning for havvind frå Utsira Nord.

¹ NVE ga Statnett konsesjon til ny Karmøy transformatorstasjon den 17. oktober 2023 (NVE-ref. 202217471-2).



Høyring av Statnetts planar

NVE legg til grunn at planane som Statnett har beskrive i stor grad liknar planane Vår Energi har meldt. På meldingsstadiet er utbyggingsplanar oftast lite detaljert, og det er vanleg at nye alternativ og justering av meldte alternativ blir utgreia i ein konsesjonssøknad. NVE meiner difor at det ikkje er naudsynt med ei ny melding etter krava i konsekvensutgreiingsforskrifta.

NVE vil likevel sende Statnetts endringar på høyring. Gjennom høyringa ønskjer vi å få høyringsinstansane sine innspel om det er utgreiingar som bør gjennomførast i samband med dei *endringane* som Statnett foreslår.

NVE vil legge fråsegn frå begge høyringane til grunn når vi utarbeidar utgreiingsprogram for Statnett. Det er difor ikkje naudsynt å sende innspel som allereie er sendt til meldinga frå Vår Energi på nytt.

Når utgreiingsprogrammet er klart, skal Statnett gjere naudsynte konsekvensutgreiingar før dei sender ein konsesjonssøknad til NVE. NVE vil òg sende søknaden og konsekvensutgreiinga på høyring, og vi vil då be om innspel til dei konkrete planane.

NVE vil utarbeide eit eige utgreiingsprogram for Vår Energi for konsekvensutgreiing av alternativ 1 frå meldinga.

NVE ber om innspel innan 29. april

Alle kan sende høyringsinnspel til Statnett sine planer innan fristen 29. april 2024.

Vi tilrår at dykk sender inn fråsegn via www.nve.no/19304/A.

Det er òg mogleg å sende fråsegn via e-post til uttalelse@nve.no. Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202406296 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer. Ein kan òg sende fysisk brevpost, til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Med helsing

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Randi Osen
seniorrådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Horisont Energi AS - Ingvild Anfinsen
STATENS VEGVESEN
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND



HYDRO ENERGI AS
Karmøy kommune
UTSIRA KOMMUNE
SOKKELDIREKTORATET
Forsvarsbygg
MILJØDIREKTORATET
Luftfartstilsynet
AVINOR AS
Fiskeridirektoratet
Steinar Karlsen
Grunneigarar/rettshavarar
SØR-NORGES FISKARLAG
HAUGALAND NÆRINGSPARK AS
HAUGALAND VEKST IKS
ELIN YTRELAND
WENCHE YTRELAND
YTRELAND OG SUND VELFORENING
BJØRN OVE BERDINESEN
KNUT JARLE YTRELAND - KNUT JARLE YTRELAND
STEINAR YTRELAND
MELAND GÅRD VEST V MAGNHILD KATRINE HEVRØY
DEN EVANGELISK LUTHERSKE FRIKIRKE KARMØY MENIGHET
DEN EVANGELISK LUTHERSKE FRIKIRKE KARMØY MENIGHET - LARS ØYSTEIN FOLKEDAL
Jeanette Emberland
Egil Kolstø
Solveig Lygre Traa
Øystein Kalstø

Kopimottakarliste:

TYSVÆR KOMMUNE
STATNETT SF
STATNETT SF - Hilde Horgen Thorstad
VÅR ENERGI AS
VÅR ENERGI AS - Dag Ture Myklebust